

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Orgnr 965919627

Namn på verksemd STIFTINGA VESTLANDSFORSKING

Adresse Trolladalen 30

Postnummer/-stad 6856 SOGNDAL

Kontaktperson

Namn Torunn Hønsi

Telefon 99647465

E-post tho@vestforsk.no

Enhet i virksomheten Teknologi og samfunn

Innspel

Generell merknad til planen

Utviklingsplanen og den nye regionale planen for verdiskaping og kompetanse bygger på ein berekraftsmodell Vestlandsforskning støttar frå vår forskning om berekraftig samfunnsutvikling og sirkulær økonomi, med naturen og sosial berekraft som basis for økonomisk verdiskaping og vekst. Vi vil også henvise til Donut economy modellen til Kate Raworth, som vi meiner er betre på å vise at økonomisk verdiskaping og vekst må vere innanfor planetens tolegrensar og menneskers velferd og sosiale forhold.

Den regionale planen vil bli eit styringsverktøy for omstilling og berekraftig samfunnsutvikling og planen må difor sikre at satsingsområde og mål er i tråd med den berekraftsmodellen de viser til innleiingsvis.

2. Rammer og føringar

2.3 Gjennomgåande omsyn frå utviklingsplanen er gode og viktige. Vi tykte det var bra at samfunnssikkerheit, inkludering, universell utforming og folkehelse vart teken inn som gjennomgåande hensyn der. Sjølvforsyning kunne også med fordel ha vore med på lista i punktet samfunnsikkerheit og beredskap. Dei gjennomgåande omsyna er viktige for å nå sosiale berekraftsmål og eit mangfaldig og inkluderande arbeidsliv i fylket. Innan tema som inkluderande/mangfaldig arbeidsliv og rettferdig digital og grøn omstilling vil pågåande forskingsprosjekt som Just Transform, leia av VF, bidra med viktig kunnskap i åra framover og vi vil kunne spele inn dette undervegs i arbeidet med planen eller i høyringprosessen når planen er ferdig utarbeida.

2.4: lista over prinsipp for utforminga av planen er god og støttast. I første kulepunkt kan de vurdere å ta medstrategiske val ved moglege målkonfliktar.

Nest siste kulepunkt:skape nye inkluderande og framtidsretta arbeidsplassar

3. Plantema

Vi meiner dei definerte prioriteringane her er gode og peikar framover, men har nokre innspel på innhaldet.

3.1 Omstilling og konkurransekraft. Her kunne godt berekraftig ha vore nevnt og gjerne først i setninga.

3.1.1 verdikjeder og næringar. Her bør også sjølvforsyning nemnast i setninga om dei andre dagsaktuelle deltema: samfunnssikkerheit, beredskap, matproduksjon og maritim sektor.

3.1.2 Sirkulærøkonomi. Her bør viktige nye forskingsbidrag frå m.a. VF rundt berekraftig sirkulær økonomi inn. Sirkulære verdikjeder er ikkje nødvendigvis meir klima og miljøvennlege enn lineære, dersom den totale energibruken, forbruk av innsatsfaktorar/ikkje fornybare råstoff er lik eller aukast ved omstillinga. Vi må sikre at omstillinga til sirkulær økonomi i Vestland brukar mindre energi, slepper ut mindre klimagassar, reduserer forbruk av råstoff og knappheitsmaterialar og inkluderer sosiale berekraftsmål.

3.1.3 Innovasjonssystem. I tillegg til det som står, bør den nye planen også leggje opp til at innovasjonsmiljøa i regionen bør ha sterkare samarbeid med akademia og FoU-miljøa. Det bør også jobbast med å styrke tilgang på såkornfond, tidlegfase investorkapital for at gründerselskap kan vekse, eller at pilotar kan gå til fullskala.

3.2 Kompetanse og inkludering - Dette er viktige deltema der vi meiner vår forskning kan gje viktige kunnskapsinnspel undervegs i gjennomføring av planen. Særleg innan mogleggjerande teknologi og samfunnsimplementering samt kjønn, mangfald og teknologi.

3.2.1- 3.2.4 – Her kan forskning frå m.a. Vestlandsforskning bidra til å forstå mekanismar som verkar ekskluderande eller inkluderande for ulike sosiale grupper i høve til teknologi. Vi kan bidra til kunnskap og gje innspel til tiltak i handlingplanar for å sikre inkluderande prosessar knytt til ny digital teknologi og ein god gjennomføring av planen.

4. Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen

Vestlandsforskning stiller seg bak at Vestland har eit godt kunnskapsgrunnlag, men vil understreke at all kunnskap er ferskvare og at fylket må sikre gode og oppdaterte kunnskapsgrunnlag for å få førtrinn innan verdiskaping i næringslivet og vere først ute med å tilby utdanningsløp som er attraktive for ungdom og vaksne både i og utanfor fylket. Fylkeskommunen kan vurdere å knyte til seg/etablere eit «kunnskapspanel» med deltakarar frå akademia og FoU-miljøa i Vestland, innovasjonsaktørar + store off. og private verksemdar og representantar frå SMB bedrifter. Panelet kan vere sparringspartnarar når det gjeld kunnskapsutvikling som fremjar verdiskaping og omstilling i fylket.

Kunnskapskjelder som vi meiner er relevante og viktige for vidare utvikling av Vestland, som ikkje er nevnt som kjelder i utkastet er:

1. Draghirapporten (Draghi, 2024)
2. Veien til Vekst, Draghi på norsk (NHO, 2025)
3. Handlingsplan for en sirkulær økonomi (Regjeringa, 2024)
4. Meld. St. 24 (2024–2025) Fremtidens havbruk (Regjeringa, 2025)
5. Meld. St. 6 (2024–2025) - Gründere og oppstartsbedrifter (Regjeringa, 2024)
6. Meld. St. 28 (2024–2025) - Tro på framtida – uansett bakgrunn (Regjeringa, 2025)

Ny kunnskap som Vestland vil trenge:

1. Berekraftig reiselivsutvikling (her har de alt varsla eit anbod om kunnskapsutgreiing for berekraftig reiseliv saman med Rogaland og Møre og Romsdal Fylkeskommune).
2. Berekraftig sirkulær økonomi og industriell symbiose
3. Totalberedskap, auka sjølvforsyning, samfunnstryggleik og forsvar for sivil samfunn og terror/cyberangrep mot næringslivet (t.d. kraftanlegg, store industrianlegg mm).

Anna

I kapittel 6. Samarbeid og involvering:

I avsnitt 6.3 Der utdanningsaktørar skal involverast i planprosessen, vil vi peike på at eit godt samarbeid mellom akademia/utdanningsaktørar og næringslivet er viktig for utvikling av fylket. Den nye planen før også leggje opp til at innovasjonsmiljøa i regionen bør ha sterkare samarbeid med akademia og FoU-miljø.

Det er stor forskjell i forskingsinnsats mellom bransjane i Vestland og ulike regionar i Vestland, samanlikna med modne innovasjonsmiljø som t.d. Kongsberg. For å nå nasjonale mål om at næringslivet skal forske meir for innovasjon og fornying, må Vestland-planane tydeleg adressere denne problemstillinga og bidra til å jamne ut forskjellar mellom bransjar og regionar i fylket.

Punkt 6.5:

Bør det etablerast eit «kunnskapspanel» med deltakarar frå akademia og FoU-miljøa i Vestland, innovasjonsaktørar + store off. og private verksemder og representantar frå SMB bedrifter. Panelet kan vere sparringspartnarar når det gjeld kunnskapsutvikling som fremjar verdiskaping og omstilling i fylket. Ev. kalle inn til ein felles workshop med desse aktørane som eit ledd av utarbeiding av den nye planen.